



Kort notat om verknadar av ei tidsavgrensa nedtapping av Myrholtvatnet i Bøverdalen i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke.

Bioreg AS Rapport 2021: 01

BIOREG AS

Rapport 2021 : 01

Utførende institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: For Bioreg AS: Finn Oldervik Bioreg AS og for Hywer, Bård S. Kvinge	ISBN-nr. 978-82-8215-426-0
Prosjektansvarlig: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as Tlf. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Oppdragsgiver: Hywer v/ Bård S. Kvinge Tlf. 944 97 771 E-post: bard.kvinge@hywer.no	Dato: 05.02.2021
Referanse: Oldervik, F. G. 2021. Kort notat om verknadar av ei tidsavgrensa nedtapping av Nedre Myholtvatnet i Bøverdalen I Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke. Bioreg AS rapport 2021 : 01. ISBN; 978-82-8215-426-0.		
Referat: Rapporten, eller rettare notatet gjev ei kort oppsummering av moglege verknadar av ei tidsavgrensa nedtapping av Nedre Myrholtvatnet i Bøverdalen. Vurderingane er gjort ut frå kunnskap ein har om området frå tidlegare, samt generell kunnskap om verknadar av slike tidsavgrensa inngrep.		
4 emneord: Småkraftverk Fjellandskap Senka vasstand Inntakskonstruksjon		

Figur 1. Biletet viser austkanten av Nedre Myrholtvatnet. Foto; Finn Oldervik, Bioreg AS © 07.07.2005.

Innhald

Innhald	3
Føreord.....	4
Innleiing	5
Dei nye planane for bygging av isfritt inntak.....	6
Sannsynlege verknadar av senkinga.....	7
Kjelder.....	8

Føreord

Etter forespørsel fra Bård J. Kvinge fra Hywer, har Bioreg AS fått i oppgave å vurdere kva ei eventuell nedtapping av Nedre Myrholtvatnet til 1,3 m under LRV ein kortare periode (om lag 3 veker) vinteren 2021 kan medføre av uheldige verknadar for ymse tema som hydrologi og konsekvensar for ålmenne interesser. NVE stiller spørsmål som til dømes om det skal sleppast minstevassføring under avviket, og ved oppfylling? Dei spør også om kor lang tid det vil ta å fylle magasinet ved normalt tilsig for årstida og om nedtappingen har andre konsekvenser f.eks. for landskap, friluftsliv og biologisk mangfold?

Bioreg AS har etter beste evne prøvd å svara på spørsmåla til NVE ut frå den kunnskapen vi har om dette prosjektet, samt den generelle kunnskapen vi sit inne med om slike spørsmål. I den opphavlege BM-rapporten er Nedre Myrholtvatnet avgrensa og skildra som ein viltlokalitet med verdi: Lokalt viktig C. Sjå meir om dette seinare i notatet.

Mjosundet i Aure 08.02.2021

Bioreg AS

Finn Gunnar Oldervik (dagleg leiar)

Innleiing


Hywer står for utbygginga av Myrholten Kraftverk i Bøverdalen i Surnadal kommune. Ved bygging av inntaket i vatnet viste det seg at ein måtte gå noko djupare med inntaket enn det som først var planlagt, dette for å unngå isdanning. For å kunne utføra arbeidet på ein god måte fann ein det best midlertidig å senka vasstanden i vatnet med 1,3 meter under LRV i 3 veker. Sidan det var Finn Oldervik, no Bioreg AS, som var ansvarleg for BM-rapporten som følgde konsesjonssøknaden, så var det naturleg spørja her om ein kunne gjera ei enkel utgreiing om eventuelle konsekvensar av ei nedtapping som skissert.

Årstida gjorde det uaktuelt med noko undersøking i felt, og vi såg det heller ikkje som særleg fruktbart i dette tilfelle. Imidlertid er Nedre Myrholtvatnet avgrensa og skildra som ein viltnaturtype i BM-rapporten for prosjektet.

Nedre Myrholtvatnet ligg oppe i fjellet nord for Bøverdalen i Surnadal kommune. Vatnet har tidlegare vore oppdemd i samband med sagbruksverksemd, noko som synest tydeleg langs braddane. Vatnet er for det meste svært grunt, til dels under 2 m. Dette gjev gode produksjonstilhøve for botnfaunaen i vatnet (pers. medd. THH). Det er ganske godt om fisk i vatnet, noko som gjev brukbare tilhøve for næringssøk for artar som smålom og storlom. Det vart ikkje observert lom ved inventeringa i 2005 og ein tvilar på at arten hekkar ved dette vatnet. I Øvre Myrholtvatnet (lok. nr. 2088) derimot trur ein at arten hekkar år om anna (pers medd. m.a. Odd Bergset). Det sistnemnde vatnet vert ikkje påverka av ei eventuell utbygging. Da det i delar av vatnet finst godt om vegetasjon av flaskestorr, blærerot og litt elvesnelle, så ser ein ikkje bort frå at vatnet kan vera hekkestad for grasender slik som stokkand og krikkand. Ei krikkandhoe vart da også registrert ved inventeringa 7. juli 2005. Elles er det grunn til å nemna at den regionalt svært sjeldne rovfuglen, musvåk, skal ha hekka ved vatnet i fleire år kring 1985. Reiret skulle ha vore i ei furu tett ved vatnet (pers medd. Odd Bergset). Verdivurdering: Vurderinga er gjort ut frå noverande kunnskap om vatnet. I og med at vatnet truleg er næringsbiotop for storlom (VU) som hekkar i Øvre Myrholtvatnet, samt muleg hekkeplass for grasender, så vert lokaliteten vurdert som lokalt viktig C.

Dei nye planane for bygging av isfritt inntak

Frå oppdragsgjevar har vi fått oversendt ei skisse av det nye inntaket slik det er tenkt utforma.



Figur 2. Skissa viser korleis inntaket er planlagt utforma. Samanlikna med tidlegare planar er inntakskanalen plassert litt lenger til venstre, samt at kanalen vert sprengd/pigga ned til kote 396.900. Dessutan er skissert løysing for fiskevandring lagt inn.

Sannsynlege verknadar av senkinga

Sidan det er snakk om ei tidsavgrensa nedtapping, så vurderer Bioreg eventuelle negative verknadar til å verta små – noko som gjeld både kortvarige og langvarige verknadar. Det må her understrekast at dette er ein konklusjon som er avhengig av at tiltaket kan gjennomførast, helst seinast innan mars månad, gjerne tidlegare. Når dette er viktig er det fordi det meste av levande organismar, slik som plantar, lav og mose meir eller mindre er i dvale på kaldaste vinteren. Det same gjeld langt på veg vasslevande insekt og andre småkryp som måtte verta berørt av tiltaket.

I skildringa av Nedre Myrholtvatnet som naturtype er det m.a. framheva at for sterk nedtapping av dette grunne vatnet kan medføre skadar på botnvegetasjonen. Vi er likevel rimeleg sikker på at ei kortvarig nedtapping midtvinters er noko som botnvegetasjonen i vatnet vil tåla godt. Elles treng ikkje lokaliteten særskilt skjøtsel, men det er viktig å ta omsyn ved ferdsel i området i hekketida for ender og lom. Vi reknar likevel med at anleggsarbeidet er ferdig og at vatnet er oppfylt til normalt nivå innan hekketida for våtmarksfugl tek til.

Kva gjeld eventuelle verknadar for friluftslivet i området, så er nedtappinga så kortvarig at få vil oppleve at denne vil vera til hinder for vanlege skiturar i fjellet her den tida nedtappinga varer. Vi vil likevel rå til at det vert sett opp skilt med åtvaring om at isen kan vera usikker langs braddane av vatnet den tida nedtappinga varer.

Sidan dette er ei nedtapping som berre skal vara i ca 3 veker på vinteren, så vil ikkje tiltaket medføre varige endringar i landskapsbiletet langs vatnet.

Avbøtande tiltak: Grunna at dette er ei kortvarig nedtapping om vinteren, så ser vi ikkje noko behov for minstevassføring eller andre avbøtande tiltak. Som nemnd tidlegare så er all aktivitet hos levande organismar på eit lågmål midt på vinteren, noko som grunnleggjend at minstevassføring har lite for seg i ein slik kort periode på denne årstida.

Kjelder

Litteratur

Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge ISBN: 978-82-92838-40-2.

Gjeldende rødliste for Naturtyper frå 2018. Artsdatabanken, Trondheim.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Oldervik, F. 2007. Småkraftverk i Myrholtelva. Verknader på biologisk mangfald. Revidert rapport. Miljøfaglig Utredning rapport 2007:1. 30 s

Kjelder fra Internett

www.artskart.artsdatabanken.no

www.gislink.no

www.kart.naturbase.no

www.kart.finn.no

Munnlege kjelder

Odd Bergset, Bøverdalen

